

30.09.2018

Høyring av samanslåing av ungdomsskular

Elevrådet har fått i oppgåve å kartleggje elevane si meinings i forhold til samanslåing av ungdomskulane i Masfjorden, i hovudsak Nordbygda og Sandnes. Resultatet me har fått er meir eller mindre einstemmig, og det er ikkje tvil om kva elevane meinar.

Det store fleirtalet av elevane på Nordbygda skule var svært negative til skulesamanslåing. Dei kjenner seg ikkje igjen i problemstillingane som FAU, kommunen, og lærarane argumenterer med, som t.d. at det er for små klassar, og for lite folk å vere med. Elevane og elevrådet tykkjer derimot at skolemiljøet er mykje betre enn på skular med fleire elevar, og at klassane har passe storleik slik som det er no. Forsking visar at lærartettheit er viktig, og det får me med små klassar. Det er inga garanti for at det vil bli like mange lærarar på ein klasse, om klassen ville bli stor.

Elevane ser og negativt på det at ein endar opp med lengre og meir usikker reiseveg, dersom skulen hamnar på Sandnes. Slik som det er i dag har ein som oftast mogelegheit til å kome seg på skulen i tide sjølv om ein ikkje rekk bussen, men dersom ungdomsskulen vert flytta til Sandnes vil ein vere avhengig av ei ferje med få avgangar for å kome oss på skulen. Dersom ein ikkje når ferja om morgonen kjem ein for seint på skulen, noko som etter kvart vil føre til nedsett ordenskarakter, og større fråvær enn nødvendig.

Elevane er også bekymra for kva slags konsekvensar det vil ha for miljøet på den staden som vil miste ungdomsskulen sin. Det er dumt å byggje ned bygdene, og ein negativ konsekvens kan vere at det blir mindre tilflytting, då mange ser på nær skule som ein stor verdi å flytte tilbake til.

Elevane er ikkje i tvil om at me er negative til samanslåing. Me håpar på at kommunen set elevane si meinings høgt, sidan det tross alt er elevane som kjenner skulen sin best.

Helsing elevrådet ved Nordbygda skule

5.klasse

Olav H. Molland

6.klasse

Guro Reknes Molland

7.klasse


Natalie
RAMbjørg
Myklebust

10.klasse

8.klasse

9.klasse

Elevrådsleiar

Steinar T. Stokkessen 

Cecilie Fredriksen